

Vi viser til spørsmål sendt på epost fra settesstatsforvalter, sendt til saksbehandler den 16. august.

Utklipp frå mail:

- 1) Det går fram følgjande av reguleringsplanen for Buskeneset § 4 andre ledd:  
«Før bygginga tek til, skal det ligge føre ein situasjonsplan som viser samla utnytting og detaljløysing for det einskilde område». Det er noko uklart om den situasjonsplanen det her blir referert til, er oversendt til Statsforvaltaren. Me ber difor om at situasjonsplanen blir oversendt til Statsforvaltaren.
- 2) Under punktet Planstatus er det i saksframlegget til møtet 08.12.2021 lagt til grunn at kaia og flytebryggja det er søkt om, krev dispensasjon frå tre førsegner:
  1. Byggegrense mot sjø.
  2. Naustføremål på land med krav til situasjonsplan som viser samla utnytting og detaljløysing for kvart naustområde.
  3. Arealføremålet bruk og vern av sjø.

Statsforvaltaren vil på denne bakgrunn stille spørsmål om (1) tiltakshavar har sendt inn ein grunngjeven søknad om dispensasjon frå desse føreseggnene, og om kommunen (2) hadde kompetanse til å gje dispensasjon om det ikkje var sendt inn ein spesifikk, grunngjeven dispensasjonssøknad.

Administrasjonen sine tilsvar:

Slik administrasjonen tolker § 4 i gjeldende reguleringsplan stilles det krav til situasjonskart over hele planområdet i hver enkelt byggesak.

Administrasjonen er ikkje skjent med at det har vært praksis de siste årene å krevje dette, og viser blant annet til at de ulike planområdene, men også reguleringsplanen sett under ett er i stor grad utbygget på dette stadiet. Vi kan ikkje se at det er føremålstenleg å krevje situasjonskart utover den omsøkte eigedomen i denne saka.

Vi syner til spørsmål 2 knytt til om kommunen hadde kompetanse til å gi dispensasjon frå byggegrense mot sjø og planføremålet Bruk og vern av sjø for oppføring av kai og flytebrygge.

Administrasjonen syner her til vedtak om avslag i saka. Det går fram av vår vurdering at det er trong for søknad om dispensasjon frå desse forholda. Vidare har vi syna til at tiltaka ligg utafor reguleringsplanen og syna til at ein bør krevje reguleringsplan før ein opnar opp for tiltak i sjø i dette området.

Slik vi vurderer det er det ikkje framlagt søknad om dispensasjon i forkant av politisk møte.